

Sungen 3 juni 1919 i lag  
hjá Larik fyr bladskrivarane  
i Gula Tidning den gangen  
han laut slutta vera po-  
litisk redaktör

*For Norge, kjæmpers fødeland.*

Syng oss vår song, norrønamál,  
gulraude, minnebjarte,  
legg mod i hug, i pennen stál,  
men gull i sál og hjarte.  
Frá han som legger pennen ned  
til han som inn i romet tred  
du bere siste helsing med,  
Heil deg norrønamerke!

Frá alders tid vár ættargrein  
sæl under deg hev sige.  
Fyr deg no atter mang ein svein  
sin siste sukk hev drege.  
Heil deg, vár odels pergament,  
nár bonden hugen heim hev vendt,  
sæl blakre du frá tun og grend  
um alt vårt landelægje.

So skrive „Gula“, med ho strid,  
norrøne hender sterke.  
Og skal ho siga, gjev ho sig  
inn under same merke.  
Fyr dei som strida dagljost stræv  
fyr dei som strid når andre søv,  
kvar ykt du gjere modig-fræv  
og leggje hug til verke!

© W Larik

U. B. BERGEN

Ms. 1163